



Dagfinn Skare
Øvre Sagstad 93
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3280 - 15/23056

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2015

Tilskot til grøfting av jordbruksareal på gbnr. 18/5 Øvre Sagstad

Administrativt vedtak. Saknr: 450/2015

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke Dagfinn Skare har søkt om kommunalt tilskot til grøfting for 2015. Utval for drift og utvikling vedtok i sak 96/2015 på møte 17.12.15 at grøfting skulle vera prioritert for tilskot i inneverande år, og at det kunne nyttast inntil kr. 20 /løpemeter. Dagfinn Skare søker om tilskot til 195 meter med grøfting på gbnr. 18/5.

Det er komen inn 4 søknader på til saman 2224 meter. For 2015 har Meland sett av ei budsjettramme på kr. 35 000 til fordeling. Dette gjev ein sats på kr. 16 pr. lm

Kommunestyret vedtok i 2002 retningsliner for handsaming av tilskot til landbruksføremaal. Målet for midlane er å medverka til å fremja gode landbrukstiltak i kommunen. Det er mellom anna vilkår om at søkjar må ha rett på produksjonstilskot og at arbeidet må vera ferdig.

For 2015 Utval for drift og utvikling gjorde difor vedtak om å prioritera grøfting for kommunalt tilskot i 2015.

Vurdering:

Ei av hovudutfordringane for jordbruket i Meland er dårleg grøftetilstand på mange areal. Endring av klima, tyngre maskiner kombinert med gamle grøfter gjer at ein god del areal står i fare for å gå ut av drift fordi det er kostbart og arbeidskrevjande å grøfte. Grøfting har difor stor verknad både for å auka avlingsnivå og avlingskvalitet, betra driftstilhøve på bruka og for skjøtsel av kulturlandskapet.

Regnestykket vert slik

Gjennomført grøfting i meter:	Tilskotssats kr/pr. meter:	Sum:
195	16	3 120

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er viktig og i tråd med dei kommunale retningslinjer.

Vedtak

«Meland kommune løyver kr. 3 120 i tilskot til Dagfinn Skare for 195 meter grøfting på gbnr 18/5 m.fl. Løyvinga vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290 i tråd med retningslinjer vedteke av kommunestyret i 18.12.02 sak 131/02.

Tilskotet vert overført kontonummer som er nytta i samband med søknad om produksjonstilskot.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Mottakere:

Dagfinn Skare

Øvre Sagstad 93 5918

FREKHAUG